



## Haustetidsvurderingar for Nordfjord 26. august 2019

Denne veka er det teke ut fem nye haustetidsprøvar av Discovery og fire prøvar av Summerred.

Opplegget for prøveuttak er som tidlegare år med prøvar av ulike sortar etter kvart som dei nærmar seg starthausting. **Prøvane representerar eple som er komne lengst i utvikling og som fyrst vil vere hausteklar i hagane.** Det blir teke ut prøvar både frå tidlege og seinare plassar. Likevel må dyrkarane følgje med utviklinga i eigne hagar då det er skilnad i utvikling i høve til alder på felt, grunnstamme, avlingsmengde, jordart, vatning og gjødsling.

Hugs at sukkerinnhald åleine ikkje er godt nok haustekriterium, men må sjåast i samanheng med fruktfastleik og stiveinnhald. Dekkfarge og grunnfarge må også vera på plass ved starthausting. Frukta skal løsne i stilkfeste når den er hausteklar. Hausting i fleire omgangar er tilrådd for alle sortar.

### Discovery

Det er teke ut prøvar frå Loen, Rake og området Sandane-Vereide. Siste veka har epla fått betre utvikling både av dekkfarge og grunnfarge. Dekkfargen skal vere skinande raud og grunnfargen skal vere kremgul tilsvarande C3 på fargevifta.

Discovery						Rettlei.	Til Bama*
Dyrkar	K O Loen	E T Rake	K Strand	G A Vereide	M Andenes		
Adresse	Loen	Rake	Rake	Sandane	Sandane		
Prøve nr	1	2	3	4	5		
Dato	26.08.2019	26.08.2019	26.08.2019	26.08.2019	26.08.2019		
Fruktvekt (g)	129 g	126 g	143 g	156 g	153 g		
Avling	3	3 til 4	3	2 til 3	3		
Fastleik	8,6	8,6	7,9	8,8	8,9	7,0-8,0	Min 7,0
Ref	10,4	10,8	10,9	10,3	10,4	10,8	10,8
Stive	5	4,4	6,3	4,2	4	6,0-8,0	6,0-8,0
Streif	0,164	0,183	0,114	0,206	0,217	0,09-0,16	

\*Glinsande raud dekkfarge, grunnfarge C3



### Prøve 1




Fargeutviklinga manglar enno litt, spesielt på grunnfargen. Sukkerinnhaldet har auka mykje siste veka då stiveverdien har auka frå 1,8 til 5. Framleis høg fastleik. Starthausting av 20 % best utvikla eple ut i komande veke.

### Prøve 2



Dekkfargen har fått fin utvikling, men grunnfargen manglar enno. Sukkerinnhaldet på 10,8 vil enno auke ved vidare stivenedbryting. Frukta er enno fast og bør framleis hange på, nye prøvar komande måndag vil vise kor raskt utviklinga går.

### Prøve 3



Prøva er frå tidlegaste del av feltet på Marså. Fin fargeutvikling av dekkfarge og grunnfarge. Stiveverdi på 6,3 og sukkerinnhald på 10,9 er høgast av prøvane. Frukfastleiken på 7,9 er i øvre del av optimalområdet. Kan starthauste best utvikla 20 % av epla ut i komande veke.

### Prøve 4



Lite eple på trea har gitt store frukter som har god fargeutvikling. Enno bra med stive i epla som vil gje auka sukkerinnhald, også faste eple som toler å hange på til utover i komande veke.



### Prøve 5



Store, velutvikla eple i denne prøva, men enno bra med stive som vil gje auka sukkerinnhald når epla får hange på enno ei stund. Frukta er enno fast og vil utvikle betre smak ved starthasting godt ut i komande veke.

Det blir teke nokre nye stikkprøvar av Discovery måndag 2. september.

### Summerred


Rettl.

Til Bama

Dyrkar	G A Vereide	E Hamre	K O Loen	K Strand		
Adresse	Sandane	Sandane	Loen	Rake		
Prøve nr	1	2	3	4		
Dato	26.08.2019	26.08.2019	26.08.2019	26.08.2019		
Fruktvekt	177 g	143 g	162 g	146 g		
Avling	2 til 3	3	3	3		
Fastleik	8,2	8,4	8,9	8,2	6,5-7,0	min 6,0
Ref	10,7	9,9	10,4	9,7	10,5	10,5
Stive	4,1	4,7	3,9	4,9	5,0-7,0	5,0-7,0
Streif	0,187	0,183	0,221	0,172	0,09-0,16	0,09-0,16

Summerred har utvikla seg fort siste veka og er kanskje nærmare Discovery i utvikling enn normalt. Men enno er frukta fast og har bra med stiveinnhald, så den må berre få hange på.

### Prøve 1



Moderat fruktmengde på trea har gitt stor frukt med god utvikling. Framleis høg fastleik og bra med stive att som gjer at frukta utviklar enno betre kvalitet ved å hange på.





### Prøve 2




Fin utvikling av dekkfarge, men manglar litt på lysare grunnfarge. Epla har enno ein del å gå på med auka sukkerinnhald då her er bra med stive att. Epla har framleis fast fruktkjøtt og toler å hange på vidare.

### Prøve 3



Dette er prøva med mest stive att i frukta og fastast fruktkjøtt. Sukkerinnhaldet på 10,4 vil halde fram å auke når frukta heng på. Stor frukt som held på å utvikle fin kvalitet.

### Prøve 4



Manglar enno litt på lys gul grunnfarge, men held på å utvikle fin kvalitet. Dette er prøva med høgast stiveverdi, men har framleis nok att til å sikre pen auke i sukkernivå. Enno bra fastleik og toler å hange på.

Komande måndag blir det nytt prøveuttak. Det blir då også teke med eit par Gravensteinprøvar.

Helsing  
NLR Vest  
Rune Vereide